

Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål og Hol kommunar
v/ Rådmannsutvalet

Gol, 09. des. 2011

Styret for Vestre Viken HF
v/styreleiar Kristin Ørmen Johnsen
postmottak@vestreviken.no

og

Vestre Viken HF
v/adm. direktør Nils Wisløff
postmottak@vestreviken.no

Vestre Viken HF og pasientar i Hallingdal

Kommunane i Hallingdal er sterkt uroa

over dei signal som kjem om mogelege nedskjeringar ved Hallingdal sjukestugu (HSS). Kommunane er kjent med dei økonomiske utfordringane til Vestre Viken HF (VV HF), og innser at VV HF sine tenester i Hallingdal ikkje kan vera unnateke sparekniven. *Likevel vil kommunane oppmode om at nedskjeringar vert gjort i samråd med kommunane og med tiltak tilpassa den samhandlingsprosess som kommunane og VV HF er midt oppe i.*

Kommunane i Hallingdal minner om at:

- Ei grunnleggjande føring frå Helse SørØst er «å desentralisere det ein kan», dette gjeld særleg dei basale spesialisthelsetenester retta mot dei vanlegaste sjukdomane (jmfr. Styresak 108/2008).
- VV HF har eit særleg ansvar for å oppretthalde «likeverdige helsetenester uavhengig av geografi» i dei områda som har meir enn 1 times avstand til sjukehus (jmfr. VV HF si strategiplan).
- VV HF har eit særleg ansvar til å ta vare på og vidareutvikle Hallingdal sjukestugu som ein unik helseinstitusjon på landsplan og som modell for samhandling (jmfr. VV HF si strategiplan).

Kommunane i Hallingdal åttvarar mot

ei nedskjering ved HSS som fører til tap av kompetanse. Ei halvering av talet på sengeplassar er ei rasering av kompetanse. I distriktet er det mykje vanskelegare å byggje opp igjen ein tapt kompetanse enn i sentrale strøk.

Kommunane i Hallingdal foreslår:

1. Å byggje på dei framlegg for ei framtidig helseteneste i Hallingdal som i fellesskap vert utarbeidd av VV HF og kommunane i «Prosjekt Hallingdal lokalmedisinske senter» og som skal vedtakast fyrste halvår 2012.
2. I samarbeid straks å søke statlege midlar til øyeblikkeleg hjelp-plassar ved HSS tilsvarande fire akuttplassar for Hallingdal. Helseforetaket får då kommunal medfinansiering for to plassar.

Kommunane i Hallingdal vil

understreke at prosjektarbeidet ikkje er ferdig. Men i fylgje framlegg som ligg i dette arbeidet, vil prosjektet foreslå ei framtidig felles sengeavdeling som eit vekslingsfelt mellom dei to nivåa. Dette er eit unikt forslag som framleis vil plassere VV HF og Hallingdal i fremste rekke i samhandlinga. Ein arbeider ut frå ein modell med 20 senger delt fifty-fifty mellom VV HF og kommunane frå det tidspunkt eit nybygg kan stå ferdig i 2015. Det er avgjerande viktig at helseforetaket no ikkje skjer ned sengeplassane til under det nivå ein planlegg for framtida.

Med dette framlegget vil helseforetaket skjere ned frå 14 til 10 senger, men i tillegg drifte to ø.hj.-senger med kommunal medfinansiering. Kommunane meiner dette er på smertegrensa for kva ein midlertidig avdelingsstruktur kan tåle, - fram til ei felles avdeling kan etablerast. *Vi vonar dette framlegget kan vise at kommunane i Hallingdal vil vera konstruktive i forhold til dei felles utfordringar vi står overfor. Vi inviterer til ein fortsatt dialog med utgangspunkt i det pågåande prosjektarbeidet.*

Dette brevet vert handsama av regionrådet i Hallingdal i møte den 16.12.2011.

Med helsing

Rådmannsutvalet

v/rådmann Hege Mørk,
Gol kommune, 3550 Gol